

Saksframlegg

Dato	Referanse	Saksbehandlar
09.05.2025	24/31991- 12	Hilde Arna Tokle Yri

Saksnr.	Utval	Møtedato
50/25	Kultur- og folkehelseutvalet	03.06.2025
60/25	Fylkesutvalet	23.06.2025

Uttale - Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø

Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling

1. Ein bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø er relevant for Møre og Romsdal. Tettstader og byane i fylket har karakteristiske trehusmiljø og bygdesenter med viktige identitetsberande kulturmiljø. Bevaringsstrategien gir ei konkret tematisk retning for kva ein bør sette søkjelys på og prioritere. Bevaringsstrategien legg til rette for regionale og lokale prioriteringar.
2. Bevaringsstrategien omfattar små og store bygdesenter, frå vegkryss til dagens kommunesentera og byar. Bevaringsstrategien famnar kulturmiljø frå forhistorisk tid fram til i dag og gjeld for heile landet. Avgrensinga famnar dei viktigaste behova og utelet ikkje viktige kulturminne i by og bygd. Utfordringane som blir beskrive i bevaringsstrategien er attkjennelege. Det gjeld til dømes utfordringar som fråflytting, tomme lokalar i sentrum, og utfordringar med å få inn ny bruk i eldre bygningar.
3. Bevaringsstrategien sine deltema og dei prioriterte områda identitet, møteplassar og bumiljø er viktige, også i Møre og Romsdal. Særleg er temaet småhus og hage og etterkrigstida sin byplanlegging og gjenreisingsarkitekturen viktige for fleire byar og tettstader i Møre og Romsdal. Vi etterlyser meir merksemd på forhistoriske møteplassar.
4. Dokumentet er breitt utforma for å famne alle delar av landet og ulike prioriteringar i fylka. Det er fylkeskommunane må spisse innsatsen og prioritere innanfor dei tema som er valt ut. Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar er avgjerande for å oppnå dei forventa effektane.
5. Det er uklart i bevaringsstrategien korleis den skal gjennomførast og følgjast opp. Det kan føre til at bevaringsstrategien ikkje får forventa effekt. Bevaringsstrategien krev ikkje berre retning, men også samordning og prioritering på statleg nivå. Vi oppmodar Riksantikvaren om å sjå nærare på korleis ein kan knyte seg på «Nasjonale forventningar

til regional og kommunal planlegging» og korleis økonomiske insentiv som tilskotsordningar kan medverke til å gjennomføre målet.

Kultur- og folkehelseutvalet 03.06.2025 - sak 50/25

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, INP 1, KRF 1, NML 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Tilråding:

1. Ein bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø er relevant for Møre og Romsdal. Tettstader og byane i fylket har karakteristiske trehusmiljø og bygdesenter med viktige identitetsberande kulturmiljø. Bevaringsstrategien gir ei konkret tematisk retning for kva ein bør sette søkjelys på og prioritere. Bevaringsstrategien legg til rette for regionale og lokale prioriteringar.
2. Bevaringsstrategien omfattar små og store bygdesenter, frå vegkryss til dagens kommunesentera og byar. Bevaringsstrategien famnar kulturmiljø frå forhistorisk tid fram til i dag og gjeld for heile landet. Avgrensinga famnar dei viktigaste behova og utelet ikkje viktige kulturminne i by og bygd. Utfordringane som blir beskrive i bevaringsstrategien er attkjennelege. Det gjeld til dømes utfordringar som fråflytting, tomme lokalar i sentrum, og utfordringar med å få inn ny bruk i eldre bygningar.
3. Bevaringsstrategien sine deltema og dei prioriterte områda identitet, møteplassar og bumiljø er viktige, også i Møre og Romsdal. Særleg er temaet småhus og hage og etterkrigstida sin byplanlegging og gjenreisingsarkitekturen viktige for fleire byar og tettstader i Møre og Romsdal. Vi etterlyser meir merksemd på forhistoriske møteplassar.
4. Dokumentet er breitt utforma for å famne alle delar av landet og ulike prioriteringar i fylka. Det er fylkeskommunane må spisse innsatsen og prioritere innanfor dei tema som er valt ut. Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar er avgjerande for å oppnå dei forventa effektane.
5. Det er uklart i bevaringsstrategien korleis den skal gjennomførast og følgjast opp. Det kan føre til at bevaringsstrategien ikkje får forventa effekt. Bevaringsstrategien krev ikkje berre retning, men også samordning og prioritering på statleg nivå. Vi oppmodar Riksantikvaren om å sjå nærare på korleis ein kan knyte seg på «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» og korleis økonomiske insentiv som tilskotsordningar kan medverke til å gjennomføre målet.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Ein bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø er relevant for Møre og Romsdal. Tettstader og byane i fylket har karakteristiske trehusmiljø og bygdesenter med viktige identitetsberande kulturmiljø. Bevaringsstrategien gir ei konkret tematisk retning for kva ein bør sette søkjelys på og prioritere. Bevaringsstrategien legg til rette for regionale og lokale prioriteringar.
2. Bevaringsstrategien omfattar små og store bygdesenter, frå vegkryss til dagens kommunesentera og byar. Bevaringsstrategien famnar kulturmiljø frå forhistorisk tid fram til i dag og gjeld for heile landet. Avgrensinga famnar dei viktigaste behova og utelet ikkje viktige kulturminne i by og bygd. Utfordringane som blir beskrive i bevaringsstrategien er attkjennelege. Det gjeld til dømes utfordringar som fråflytting, tomme lokalar i sentrum, og utfordringar med å få inn ny bruk i eldre bygningar.
3. Bevaringsstrategien sine deltema og dei prioriterte områda identitet, møteplassar og bumiljø er viktige, også i Møre og Romsdal. Særleg er temaet småhus og hage og etterkrigstida sin byplanlegging og gjenreisingsarkitekturen viktige for fleire byar og tettstader i Møre og Romsdal. Vi etterlyser meir merksemd på forhistoriske møteplassar.
4. Dokumentet er breitt utforma for å famne alle delar av landet og ulike prioriteringar i fylka. Det er fylkeskommunane må spisse innsatsen og prioritere innanfor dei tema som er valt ut. Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar er avgjerande for å oppnå dei forventa effektane.
5. Det er uklart i bevaringsstrategien korleis den skal gjennomførast og følgjast opp. Det kan føre til at bevaringsstrategien ikkje får forventa effekt. Bevaringsstrategien krev ikkje berre retning, men også samordning og prioritering på statleg nivå. Vi oppmodar Riksantikvaren om å sjå nærare på korleis ein kan knyte seg på «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» og korleis økonomiske insentiv som tilskotsordningar kan medverke til å gjennomføre målet.

Bakgrunn

Riksantikvaren har sendt utkast til Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø på høyring med frist 13. juni.

Bevaringsstrategien er ein av fem bevaringsstrategiar. Fylkeskommunen har tidlegare gitt uttale på strategiar for kyrkjer, kysten og landbruk sine kulturmiljø, sjå sakene KNF-13/23 og KF-30/24. Parallelt med denne, er bevaringsstrategi for næringar og industri sine kulturmiljø på høyring.

For kort framstilling av strategien, sjå vedlegget Kort oppsummering av strategien. Denne er KI-generert og kontrollert av saksbehandlar.

Forankring

Bevaringsstrategien for bygder og byers kulturmiljø (heretter bevaringsstrategi) er forankra i Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, berekraft og mangfald. Måla er at:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Formålet med dei nasjonale bevaringsstrategiane

Dei nasjonale bevaringsstrategiane skal bidra til å strukturere, samordne og organisere innsatsen for å oppnå dei tre nasjonale måla om engasjement, berekraft og mangfald. Særleg vekt er lagt på å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø. Bevaringsstrategien for bygder og byar sine kulturmiljø skal løfte fram bygde-sentra som ein viktig del av Noreg si historie, med hovudvekt på den materielle kulturarven.

Spørsmål

I høyringa av bevaringsstrategien for bygder og byar sine kulturmiljø, ber Riksantikvaren spesielt om tilbakemelding på:

1. Avgrensing: I kva grad er avgrensinga egna til å famne dei viktigaste behova og utfordringane?
2. Deltema og prioriterte område: Er dei føreslegne deltema og prioriterte områda egna til å spisse innsatsen? Har dei føreslegne deltema det riktige innhaldet og dei rette prioriteringane? Er det andre kulturmiljø som bør prioriterast innfør dei enkelte deltema?

Vurdering

Ein bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø er relevant for Møre og Romsdal. Tettstader og byane i fylket har fleire karakteristiske trehusmiljø av ulik alder og en rekke bygdesentera med viktige identitetsberende kulturmiljø. Desse bidrar til særpreg og identitet for både innbyggjarar og besøkande.

Den industrielle utviklinga, knytt til skipsbygging, fiskeri og foredling, har prega tettstadene og bystrukturen i fylket. Vi har også fleire gjenreisningsstader frå etter andre verdskrig, som Kristiansund, Molde, Sunndalsøra og Åndalsnes.

Bevaringsstrategien si vektlegging av identitet, fellesskapsarenaer og bustadhistoriske strukturar gir eit godt rammeverk for tverrsektorielt og kunnskapsbasert arbeid. Dette er spesielt viktig i møte med utfordringar som:

- Fortetting og nedbygging av grøntstruktur i byane
- Fråflytting og funksjonstap i bygdesentra

- Manglande dokumentasjon og vern i kommunale planar av verneverdige kulturminne frå nyare tid
- Behov for betre koordinering av verkemiddelbruk i planlegging og tilskot

Bevaringsstrategien svarar godt til fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar og tilretteleggjar for bruk av kulturmiljø i planlegginga. Den støttar det arbeidet som allereie blir gjort gjennom kulturmiljøplaner, ulike programsatsingar og regionalt samarbeid om by- og stadutvikling. Vi viser her til våre regionale planer: Fylkesplan for 2025-2028, Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026 og Regional delplan for kulturminne.

Overodna om bevaringsstrategien

Dokumentet er breitt utforma for å famne alle delar av landet og ulike prioriteringar i fylka. Det er fylkeskommunane som må spisse innsatsen og prioritere innanfor dei tema som er valt ut. Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar er avgjerande for å oppnå dei forventa effektane. Bevaringsstrategien krev ikkje berre retning, men også samordning og mobilisering. Det er uklart i bevaringsstrategien korleis dette skal gjennomførast og følgjast opp.

Målet om at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø i lokalsamfunnet sitt, er eit godt utgangspunkt for lokal verdiskaping. Dette krev at nokon driv prosessane og koplar saman næringslivet, kommune, frivillige og fylkeskommunen. Det krev ressursar og kapasitet i kommunar og fylkeskommunar. Målet krev også prioritering og samordning på statleg nivå. Riksantikvaren bør sjå nærare på korleis dei kan knyte seg til og på «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» og korleis økonomiske insentiv som tilskotsordningar kan medverke til å gjennomføre målet. Vi forstår dokumentet slik at det er breidt utforma for å kunne famne alle delar av landet vårt og ulike prioriteringar som fylka har. Slik som strategien er utforma er det fylkeskommunane som må spisse innsatsen og prioritere innafor dei tema som er valt ut.

Avgrensing

Riksantikvaren stiller spørsmål om i kva grad avgrensingane i bevaringsstrategien er egna til å famne dei viktigaste behova og utfordringane?

Bevaringsstrategien plukkar ut deltema som vi skal rette innsatsen mot, og det som fell utanfor, skal ikkje prioriterast. Vi kjenner igjen utfordringane som er skissert i strategien, som fråflytting, tomme lokalar i sentrum, og utfordringar med å få inn ny bruk i eldre bygningar. Vi ser også moglegheitene til å bruke kulturmiljø som ressurs i utviklinga av stadane.

Bevaringsstrategien omfattar små og store bygdesenter, frå vegkryss til dagens kommunesenter og byar, men ikkje bygdelandskapet som er ein del av landbruket, som har ein eigen bevaringsstrategi. Strategien famnar kulturmiljø frå forhistorisk tid fram til i dag og gjeld for heile landet. Avgrensinga famnar dei viktigaste behova og utelet ikkje viktige kulturminne i by og bygd, men det er vanskeleg å seie om den bidreg til å løyse utfordringane.

Bevaringsstrategien seier lite konkret om korleis den skal følgjast opp vidare. Dette kan føre til at bevaringsstrategien ikkje får forventa effekt.

Deltema og prioriterte områder

Riksantikvaren ønsker også ei tilbakemelding på om dei føreslegne deltema og prioriterte områda er eigna til å spisse innsatsen? Har dei riktig innhald og prioriteringar? Er det andre kulturmiljø som bør prioriterast?

Temaa for bevaringsstrategien er uavhengig av type kulturmiljø og tidsperiode, og famnar breidt geografisk, sosialt, etnisk og næringsmessig. Tre deltema er valt ut:

1. **Staden sin identitet og særpreg**, med tre prioriterte område: Arkeologiske kulturminne, naturgitte føresetnader og bygningsmiljø.
2. **Der vi møtast**, med to prioriterte område: Fellesskapsbygningar og uterom/grøntområde for fellesskapet.
3. **Der vi bur**, med tre prioriterte område: Småhusområde, drabantbyar og etterkrigstidas byplanlegging - gjenreisingsarkitekturen.

Slik fylkeskommunedirektøren ser det, er deltema og prioriterte områder viktige også for Møre og Romsdal.

1. **Staden sin identitet og særpreg**: Dette temaet famnar om arkeologiske kulturminne, utvikling og planlegging av stader, og bygningsmiljø som gir stadane særpreg og identitet. Dette er viktig for mange kommunar og oss. Stader er i stadig endring, men har varige kvalitetar som gjer dei attkjenneleg og unike. Å bevare dette særpreget krev interesse og samarbeid mellom kommunar, eigarar, utbyggjarar, sentrumsforeiningar og fylkeskommunen.
2. **Der vi møtast**: Dette temaet handlar om fellesskap og møteplassar, både formelle og uformelle, som har vore viktige for utviklinga av demokrati, velferd og sosialt samhald i Noreg. Det omfattar fellesskapets bygningar som samfunnshus, bedehus, rådhusbygningar og uterom, inkludert minoritetar og motkulturar. Temaet inneheld også historiske møteplassar som marknader og tingstader, som Borgund og Veøya i Møre og Romsdal. Kanskje kunne stadar frå forhistoria fått meir plass her.
3. **Der vi bur**: Dette temaet speglar bustadområda og samfunnsutviklinga i bygder og byar, med vekt på å ta vare på mangfaldet av bustadtypar med tilhøyrande grøntanlegg og struktur. Det prioriterte temaet småhus og hage under press og etterkrigstida sin byplanlegging og gjenreisingsarkitekturen er viktige for Molde, Kristiansund og Ålesund. Deltemaet drabantbyar er i liten grad relevant for Møre og Romsdal.

Kommentarar til dokumentet

Vi har nokre kommentarar til sjølve dokumentet:

- Dokumentet er ordrikt og har mykje gjentakingar. Teksta bør gjerast meir lesarvennleg.
- Vi saknar eit tydeleg avsnitt om formålet med strategien.
- Omgrepa forventa effekt og effektmål blir brukt som to forskjellige ting. I tillegg blir effektmåla er delvis formulert som mål og delvis som handlingar. Dette bør tydeleggjerast og skrivast om.

Økonomiske konsekvensar

Bevaringsstrategien vil ha konsekvensar for kulturmiljøarbeidet, både i høve til kapasitet og økonomi. Den oppfordrar til samordning og engasjement i by og bygd. Kommunane og frivillige etterspør fylkeskommunen sin kompetanse på kulturmiljø, og vi må ha kapasitet til å følge opp desse prosessane. Det same gjeld kapasitet til å følge opp eigarar, utbyggjarar og kommunar i prosjekt som gjeld fortetting, gjenbruk og nybygg i byane våre.

Å samle innsatsen i program og prosjekt, slik vi gjer i programma Ein bit av historia og By og tettstad, er eit godt grep for å få til nødvendig samordning internt og med eksterne aktørar. Bevaringsstrategien oppfordrar til samfinansiering av tiltak. For fylkeskommunen vil det bety å spisse eller omprioritere tilskotsordningane våre, slik at prosjekt som fell saman med bevaringsstrategien blir prioritert.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Vedlegg

Kort oppsummering av høringsforslag bevaringsstrategi

Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø - høring av forslag

Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø - høringsutkast